

Den foreslåtte endringa i barnehagelova om barnehageeigar sin rett til å avgjere metodeval i høve til kartlegging av einskilde barn, kan eg på ingen anna måte tolke enn som ein mistillit til yrkesgruppa. Det er ei undergraving av vår faglege integritet og står i motsetnad til intensjonane i rammeplanen.

Eg har arbeidd meir enn 30 år i barnehage i forskjellige roller; pedagogisk leiar, ressurspedagog og styrar, dessutan vidareutdanning på fleire område innanfor for fagfeltet. Først og fremst har eg kunnskap om det einskilde barn og barnegruppa, kva ressursar det fins hos det einskilde barn og omgjevnadane. Eg ser meg fullt ut i stand til å vurdere kva verktøy eg treng for å vurdere kva barn som treng ei ekstra kartlegging. Derimot kan eg ikkje sjå at arbeidsgjevar utan denne kunnskapen, skal kunne vere i stand til å gjere ei slik vurdering.

Ei almenn kartlegging av barn, som er blitt for eksempel er gjort i Oslo, er i beste fall ei ressursøyding. Det er ikkje målretta nok og stel av tida ein skal bruke saman med barna for å skape dei beste forutsetningar for barnegruppa.

Eg håper verkeleg at denne endringa ikkje blir i verksett. Barnehagane streve med å rekruttere og halde på pedagogar. Dette forslaget er med på å undergrave vår profesjon og yrkestoltheit og bidreg til det motsette.

Med helsing

Sylvi Arahamsen